

## Notat

---

Til: Kjetil Sigvaldsen

Frå: Tore Slønning

---

Referanse  
2014/1181-1

Dato  
17.01.2014

### **Statkraft Energi AS - Høyring av søknad om konsesjon for bygging av Isdal pumpe og kraftverk i Isdøla - Eidfjord kommune - Krav om arkeologisk registrering**

Vi viser til brev frå NVE datert 13.11.2013 om høyring av konsesjonssøknad i ovanfor nemnde sak. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Hordaland fylkeskommune har eit særleg ansvar for å ivareta kulturminneinteressene, og tiltaket sin verknad på kulturminne og kulturmiljø skal avklarast og vurderast med tanke på verneverdi. I tillegg til forminne og bygningar/bygningsmiljø, er det her også viktig å få fram både steingardar, gamle ferdsselsårer, utmarksminne, tekniske kulturminne og kulturlandskap.

I våre arkiv er det kjend fleire automatisk freda kulturminne i nærleiken av tiltaksområdet i form av kolmiler og tufter frå mellomalder og jernalder. Ut frå stort potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminal, finn vi det naudsynt med ei arkeologisk registrering av areala knytt til bygging av nye vegar, riggområde og traséen til rørleidningen. For å oppfylle undersøkingsplikta i høve Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturninner § 9, må dette gjennomførast før vi kan gje fråsegn til planen. Registreringa vil avgjere om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne.

I medhald av kulturminnelova §§ 9 og 10, må kostnadene ved registreringa betalast av tiltakshavar. Kostnadsoverslag er lagt ved, og skulle kostnadene overskride det vedlagte kostnadsoverslaget vil vi varsle dykk om dette.

Ettersom Hordaland fylkeskommune ikkje kan gje endeleg fråsegn til søknaden før undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova er oppfylt, må konsesjonshandsaminga avventast til kulturminneundersøkingane i området er utført. Vi gjer merksam på at planane må reviderast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde dersom det viser seg at tiltaket eller delar av dette kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne. Skriftleg godkjenning av kostnadsoverslaget med opplysningar om organisasjonsnummer, samt signatur til den som er ansvarleg betalar sendast til Hordaland fylkeskommune (scannet, signert svarbrev kan sendast pr. e-post). Der ein nyttar ressursnummer skal dette også gjevast opp. Når kostnadsoverslaget er godkjend vil vi ta kontakt for å avtale når arbeidet kan utførast.

Med helsing  
Tore Slønning  
Spesialrådgjevar